



Jublande J13-jenter etter at dei vann både 1. og 2.plass i Zinken Cup i februar

**J13 jentene til Uskedal/Rosendal hadde ein strålende dag laurdag. Det er så mange spelarar i denne årsklassen at dei er fordelt på 2 lag. Dermed vart det 2 kampar på ein og same dag, og det resulterte i siger i begge. 8 jenter frå Uskedalen var involvert i denne gode innsatsen.**

Først møtte jentene Strand-Ulv (7'ar) på kunstgrasbanen i Rosendal. Etter 0 - 0 ved pause, kom måla i 2.omgang, og det enda med 4 - 0 siger. Uskedalsjenta Andrea Hjelmeland scora dei 2 siste måla. I tillegg til Andrea var også Thea S. Taranger og Caroline S. Kjerpeseth med i denne kampen.

Litt seinare på dagen var det klart for ny kamp. Då møtte dei Trio på Husnes (9'ar). Her var det stort sett nye spelarar, men 5 av dei som spela første kampen, var også involert i denne. Ei av dei var Thea S. Taranger. I tillegg spela også Ida Marie K. Eidsvik, Amalie H. Rød, Camilla M. Ripel, Silje Soldal og Hanna Tvilde.

Trio tok leiinga 1 - 0, men jentene stod på og snudde kampen til 2 - 1 siger. Silje Soldal sette inn første målet då dei utlikna til 1 - 1.

De kan lesa meir om den flotte innsatsen ved å [klikka dåke inn på RT si heimeside](#) og lesa trenar Yngve Guddal sitt referat frå kampen.



4 av dei allsidige og flinke jentene: Andrea, Thea, Hanna og Amalie

Tekst og nett: Thor Inge Døssland

Foto: Thor Inge Døssland og frå Rosendal Turnlag si heimeside.